
Saksnr: 2020/35317-18
Saksbehandlar: Svein Hågård og Signe
Gudveig Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.11.2020
Fylkesutvalet		10.12.2020

Eigarstrategi for Ferde AS

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for Ferde AS slik han føreligg, jf. vedlegg.

Samandrag

Som ledd i oppfølginga av selskapskontrollen av Ferde AS, har fylkestinget bede dei tre eigarane av Ferde AS, fylkeskommunane Agder, Rogaland og Vestland, å etablere ein felles eigarstrategi for selskapet, jf. PS 2/2020, vedtakspunkt 2. I denne saka legg fylkesrådmannen fram utkast til ein slik felles eigarstrategi. Utkastet er godkjent av dei tre fylkesordførarane.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Eigarstrategi for Ferde
AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Som ledd i oppfølginga av selskapskontrollen av Ferde AS, har fylkestinget bede dei tre eigarane, fylkeskommunane Agder, Rogaland og Vestland, å etablere ein felles eigarstrategi for selskapet, jf. PS 2/2020, vedtakspunkt 2 i den delen av fylkestinget sitt vedtak som rettar seg mot eigarane.

Fylkesrådmannen legg her fram utkast til ein slik felles eigarstrategi for selskapet, jf. vedlegget. Utkastet er utarbeidd i samarbeid mellom dei tre eigarane, og føreligg i to versjonar - ein på nynorsk og ein på bokmål.

Dei tre fylkesordførarane drøfta i møte 23.09.20 det dåverande utkastet, som var utarbeidd administrativt i dei tre fylkeskommunane. Fylkesordførarane gjorde nokre små endringar og er samde om eigarstrategien, slik utkastet no føreligg.

Med den felles eigarstrategien etablerer eigarane ein rutine for jamlege eigarmøte, og legg til rette for systematisk oppfølging av eigarrapporteringa frå selskapet, jf. vedtakspunkt 3 og 4 i den delen av fylkestinget sitt vedtak i PS 2/2020 som rettar seg mot eigarane.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7. Fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje direkte relevant.

Klima: I eigarstrategien stiller eigarane krav til selskapsverksemda, m.a. at selskapet aktivt tar ansvar for klimakrisa som verden ser i dag, og derfor tek del i Noregs klimamål for 2030, som er å redusere utsleppa med 50-55 %, mot 1990-nivå. Selskapet skal dokumentere og rapportere på kva tiltak som er sett i verk og effekten av desse.

Folkehelse: Ikkje direkte relevant.

Regional planstrategi: Ikkje direkte relevant.

Utkastet til eigarstrategi for Ferde AS definerer kva som skal vere kjerneområdet for verksemda i selskapet. Vidare fastset utkastet eigarane sine krav til styret, korleis eigarane skal utøve eigarskapen og eigarane sine resultatmål for selskapet. Strategien stiller også krav om rapportering til eigarane. Framlegget legg etter fylkesrådmannen sitt syn til rette for ei aktiv eigarskapsutøving.

Det er ein føresetnad for at eigarstrategien skal kunne vedtakast no, at det ikkje skjer endringar ved den politiske handsaminga i berre ein eller to av dei tre fylkeskommunane. Eventuelle endringsframlegg bør altså koordinerast med dei to andre eigarane. Den politiske handsaminga i Agder fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune finn stad om lag samstundes som den politiske handsaminga i Vestland fylkeskommune.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for Ferde AS slik han føreligg i vedlegget.